



Hordaland Fylkeskommune
Kultur og idrettsavdelinga
Postboks 79
5020 BERGEN

Norheimsund 13. juni 2017

Søknad om 12 mill. kroner til utviklingsprosjektet *Tett på*.

Hardanger fartøyvernsenter er ei avdeling ved Hardanger og Voss museum. Senteret er eit nasjonalt kompetansesenter for fartøyvern og museum for maritim kultur og historie. Senteret satsar tungt på ivaretaking og formidling av immateriell kulturarv knytt til maritime handverk. Med god stønad frå lokalsamfunnet, private, Hordaland fylkeskommune og Kulturdepartementet, har Hardanger fartøyvernsenter utvikla seg til å bli eit kraftsenter for maritim kultur og kulturarv i nasjonal samanheng. No står me på spranget til å bringa dette tettare på publikum.

Musea i Hordaland ynskjer å ha ei leiarrolle nasjonalt når det gjeld dokumentasjon, formidling og forsking på kystkultur, maritim industriutvikling og fartøyvern. Hardanger fartøyvernsenter er eitt av 3 fartøyvernsenter med eit nasjonalt formål. Hardanger fartøyvernsenter har gjennom langvarig satsing på vidareføring av maritime handverkstradisjonar, bygd opp spisskompetanse innan fartøyrestaurering, bygging av fartøy-replika, smedarbeid, småbåtbygging, reipslaging og skutesegling. Me er godkjent læreverksemd, rekrutterer lærlingar til faga og tek imot volontørar frå EU i utvekslingsprogram. Satsinga vår har fått både nasjonal og internasjonal merksemd. Me er aktivt medlem av det nasjonale museumsnettverket for kystkultur og fiskeri. Med utgangspunkt i opne museumsverkstadar og seglante fartøy driv me historieformidling i brei

forstand. Me har årleg om lag 15 000 besøkande. Gjennom eit eige visjonsprosjekt, planlegg me anlegg og innhald som skal gje dobla besøkstal dei nærmaste åra. Vår visjon er: «Gode opplevingar å bryna seg på.» For å imøtekoma den store interessa som blir vist maritim kultur og historie og Hardanger fartøyvernsenter, er det naudsynt å få eit moderne og museumsbygg til utstillingar, formidling og aktivitetar heile året.

Strandvegen mellom Norheimsund sentrum og Hardanger fartøyvernsenter stod ferdig juni 2013 og medførte at publikumstilstrøyminga auka monaleg. Hausten 2015 fekk me etter 10 år med planlegging, kjøpa naboeigedomen til fartøyvernsenteret. Eigedomen ligg der Strandvegen endar og fører folk og turistar frå sentrum til attraksjonen, fartøyvernsenteret. På eigedomen er det eit fleksibelt næringsbygg på 1000 kvadratmeter som me har som mål å transformera til kulturføremål. Fartøyvernsenteret manglar eit slikt kulturygg og tyngdepunkt for museumsverksemda vår som er spreidd i fleire mindre bygg. Bygget vil gje oss nye moglegheiter i formidlinga; for heilårsbruk, for nye aktivitetar og større grupper. Dette vil vera med på å styrkja regionssenteret Norheimsund. I andre høgda er det planlagt nye felles kontor. Me har døypt bygget «**Kulturnaustet**» og planlegg innhald som skal få det til å myldra med folk her. Prosjektet **Tett på** handlar om korleis me skal nytta den nye eigedomen og kopla den på, og utvikla det eksisterande museumsverftet. Me skal vidareutvikla drifta ved Hardanger fartøyvernsenter slik at folk verkeleg kan få oppleva å koma tett på maritime handverk og andre maritime kulturuttrykk.

Sjøsida av **Kulturnaustet** vil me nytta til eit nytt velkomstområde med resepsjon, kafé og butikk. Det vert også formidlingsarenaer som utstillingslokale og filmsal i bygget. Det er viktig for oss å planlegga for meir rasjonell drift som erstatning for det me opererer med i dag. Fleksibilitet mellom drift i lågsesong og høgsesong er ekstra viktig å bygga inn i eit museum som ligg i eit reiselivsdistrikt i fjord-Noreg. Utstillingsarealet vil gje plass til ny basisutstilling som vil sette fokus på regionen si maritime historie. Me vil også sette av areal til temporære utstillingar. I utstillingane vil me vidareføre våre satsingar på å læra gjennom å gjera. Denne delen av kulturnaustet kan stengast av, slik at kafé og møtefasilitetene kan nyttast til utelege når museet er stengt. Det er viktig å tilrettelegga publikumsmottaket slik at det kan bemannast av ein person åleine i lågsesongen, og av fleire når det er gruppebesøk, høgsesong og arrangement. Den viktigaste endringa er at det nye bygget gjev moglegheit for publikumsmottak på bakkeplan, universell utforming og gode utstillingslokalitetar samt kontordel i 2. høgda.

Hardanger fartøyvernsenter har som del av sitt oppdrag å utvikla eit nasjonalt delelager for fartøyvern. Det har alt fått plass i øvre del av det erverva næringsbygget. Her kan eigarane av restaureringsprosjekt koma for å leita etter deler dei måtte mangla til fartøyet sitt. I denne delen av bygget, vil også nokre av museumsgjenstandane våre få ny og betre plassering (dette gjeld først og fremst småbåtane våre som ein pr. i dag ikkje har kapasitet til å ta inn på fellesmagasinet for musea i Hordaland). Dei andre museumsgjenstandane til Hardanger fartøyvernsenter vert magasinert anten ved fellesmagasinet på Salhus eller i magasinet til Hardanger folkemuseum på Utne. Delelageret skal lagast som opne besøkslager. Her vert det mykje interessant å sjå for dei vitjande. Ved ei ny «ferjestø» framfor Kulturnaustet skal den freda ferja MF Folgefonna (1938) liggja som visningsferje og museum.

Når me flyttar inn i «Kulturnaustet», vert sårt tiltrengt areal i den gamle delen av fartøyvernsenteret frigjeve til ny bruk. Ein slik rokering vil gjera arbeidsforholda ved verft, museum og administrasjon betre, og drifta meir rasjonell. Det vil også frigje dei gamle bygga til kurs og møteverksemd, samt leggja betre til rette for at frivillige kan delta i arbeidet med dei verneverdige båtane sine.

I området mellom Kulturnaustet og Sjøhuset, som ligg i forlenginga av reiparbana, har me starta arbeidet med å lage ein vitenpark for maritime aktivitetar særleg retta mot born og unge. Her vil folk få ein smakebit av maritim kultur og alt det interessante ein kan få oppleva inne på museet.

Å gjera den maritime kulturarva meir synleg og tilgjengeleg

I etableringa av dei norske folkemusea vart kystkulturen ståande i skuggen. Dette kan forståast ut frå musea si rolle i nasjonsbygginga, og tidstypiske tankar om den frie norske bonden. Kystkulturen vart også ståande i skuggen under etableringa av sjøfartsmusea. Her var det Noreg si rolle på verdshava som først og fremst fekk fokus. Då museumsinstitusjonane med sine strukturar og faglege praksisar vart etablert, var altså ikkje kystkulturen betrakta som interessant og relevant. Konsekvensane av dette kan me framleis sjå i det norske museumslandskapet. Ynskja om å få kystkulturen ut av sitt lange skuggetilvare i museumssektoren, er sjølv sagt bakgrunnen for at både ABM-meldinga Kjelder til kunnskap og oppleveling (1999-2000) og Stortingsmelding nr. 49 Framtidas museum (2008-2009) framhevar kystkultur som eit av dei temaene som skal prioriterast innan sektoren. I dette arbeidet har Hardanger fartøyvernsenter teke ei sentral rolle. På senteret formidlar me, med utgangspunkt i

maritime handtverk og kulturarv, kunnskap om eit tilverke der fjorden og sjøen var viktige premissleverandørar. Gjennom formidlingsprosjekta knytt til hardangerjakta Mathilde, vert regionen sitt bidrag innan fartøybygging og fraktefart fortalt. Leirskolen og museumstokta er viktige arenaer for slik formidling. Andre fartøy me restaurerer og tek vare på fortel òg viktige historier. Fartøya er viktige kulturminne, og i kystregionane utløyser verneprosjekta ofte stort engasjement. Me ynskjer å formidla denne interessante og spanande historia til alle som kjem hit. Me vil bidra til at dei fartøya me restaurerer vert satt inn i si kulturhistoriske samanheng. Kort sagt gjera dei levande gjennom ei truverdig og levande historieforteljing.

Nyare historie og fokus på samtidsskildringar er også understreka i både ABM-meldingar og stortingsmeldingar. Den freda ferja Folgefonna er ein glimrande arena for formidling av nyare samferdslehistorie. Ho representerer fyrste generasjon ferjer i det me kan kalla massebilismens tidsalder og fortel ei viktig historie om trafikkutviklinga i etterkrigstida. Då ferja var ny i 1938 var ho største bilferja i landet, men etter få år var ho alt for lita. Denne historia gjer det også mogeleg å reflektera fram mot vår eiga samtid og dei utfordringane me i dag står ovanfor innan samferdsle og miljø. Gjennom utviklingsprosjektet **Tett på** vert ferja meir synleg og tilgjengeleg. Me har allereie hatt ei utstilling om bord som sette fokus på den rivande utviklinga ein har sett i bil og ferjetrafikken, frå den spede barndomen i mellomkrigstida til dei utfordringane me står framfor i dagens samfunn. Me planlegg å nytta ferja som arena for formidling av ferjekulturen si betydning på vestlandet i åra som kjem. Prosjektet **Tett på** er såleis eit investeringsprosjekt som i høgste grad fylgjer opp dei faglege føringane som er lagt i stortingsmeldingar knytt til museumssektoren.

Kvam herad si tettstadsutvikling og bygginga av Strandvegen fram til Hardanger fartøyvernssenter spelar på lag med slike overordna målsettingar, og me har eit sterkt ynskje om å få ta et steg vidare i dette arbeidet ved å flytta publikumsmottaket til Hardanger fartøyvernssenter inn i Kulturnaustet.

I 2017 har me gjennom ei satsing på formidling av handverkskunnskap på sosiale media (Instagram og Facebook) nådd ut til sers mange. Nokre av filmane har hatt over 1 million visninger! I tillegg har me sett av ressursar til aktiv og profesjonell marknadsføring saman med reiselivet. Målet er å få besøkjande året rundt og endå fleire turistar i hovudsesong. Me har dei siste åra vidareutvikla aktivitetssatsingane våre. Dei museumsbesøkande vert no invitert med

på ei rekke ulike maritime aktivitetar. Dette har synt seg å vera særslig populært og spelar på lag med trendar i tida kor interessa for opplevingsturismen er stor. Målet no er å få til god formidling og å fortelja maritim historie til fleire gjester. Då trengst ei fornying og vidareutvikling av dette publikumstilbodet og fokus på fleire spanande sider ved vår fjord- og kystkultur. Hardanger og Voss museum vil vera byggherre i prosjektet. Prosjektet vil fylgja Lov for offentleg anskaffingar, men det er enno ikkje avklart kva for entreprise som vert valt. Hardanger og Voss museum vil stå ansvarleg for eventuelle forseinkingar og økonomiske overskridningar som ikkje fylgjer delegert ansvar i entreprisa.


Me søker med dette Hordaland fylkeskommune om 12 millionar kroner i stønad til prosjektet «Tett på».

Med venleg helsing

Hardanger og Voss museum



Randi Bårvedt
Direktør



Heidi Richardson
Prosjektmedarbeidar

Vedlegg:

1. Økonomi og finansiering
2. Prosjektskisse «Tett på»

